



Vår dato:

06.11.2023

Vår ref:

2023/6245

Dykkar dato:

Dykkar ref:

Adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

## Invitasjon til informasjonsmøte om arbeidet med supplerande vern på Fedje

Som vi nemnde i brevet vi sendte ut 16. juni i år har Statsforvaltaren i Vestland fått i oppdrag frå Miljødirektoratet om å gå i dialog med kommunane i fylket for å finne fram til område som kan vere aktuelle for bevaring av verdifull natur. I desse områda skal vi vurdere om vern kan vere aktuelt, og i så fall i kva form.

Eit av desse områda er på Fedje. Her skal vi vurdere om det kan vere aktuelt med ei utviding av dei eksisterande Fedjemyrane landskapsvernområde og Sekkedalstjørn naturreservat. Sjå vedlagt grov skisse til føreslege avgrensing av området nedst i brevet. Innanfor dette området står du oppført som grunneigar og du får derfor informasjon om denne prosessen.

Vi ønskjer å informere godt om prosessen, og ha ein god dialog med grunneigarar og andre involverte, slik at vi kan finne fram til område som det kan vere lokal oppslutning om. Vi inviterer derfor til **informasjonsmøte i Fleirbrukshallen på Fedje 27. november kl 18-20**

Her vil vi informere meir om oppdraget og om kva vern av området kan innebere. Vi håpar også å få meir informasjon frå dykk som er lokalkjente om bruken av området og tips om det er lokale interesser og brukarar vi no i tidleg fase av arbeidet bør gå i dialog med.

Du finn meir informasjon om dette på våre nettsider under «Miljø og klima», «Verneområde», «Nye verneområde» og «oppdrag supplerande vern». Her finn du kartavgrensing og meir informasjon om ver neprosessen og bakgrunnen for denne, frå Fedje og frå alle dei andre kandidatområda i Vestland.

Dersom du har innspel eller spørsmål kan du ta direkte kontakt med sakshandsamar på e-post solveig.roald@statsforvalteren.no eller telefon 55 57 23 27.



Vi håper å sjå så mange som mogleg i Fleir brukshallen den 27. november!

Med helsing

Magnus Johan Steinsvåg  
seniorrådgjevar

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kartskisse som syner forslag til kandidatområde for supplerande vern på Fedje (med grøn skravur)